

Klage på godkjenning av reguleringsplan i sak 067/22 - Detaljreguleringsplan for Fossesjøen gnr. 325/161 og 325/167 mfl. PlanID: 1256 2015 0004

ALVER
KOMMUNE

27 JUNI 2022

Kommunestyret sitt vedtak den 19.05.2022 om godkjenning av Detaljreguleringsplan for Fossesjøen gnr. 325/161 og 325/167 mfl. PlanID: 1256 2015 0004 vert hermed påklaga.

Grunngjevinga her er omsyn til barn og unge skal vektleggast skikkeleg i alt planarbeid og i alle reguleringsplanar som kan ha konsekvens for denne sårbare gruppa. Trafikktryggleik skal vektleggast i alt planarbeid. Rekkefølgjekrav skal vera fornuftige, dette er heimla i plan- og bygningslova sin § 12-7 nr. 10. Eit av dei mest fornuftige rekkefølgjekrav her er at den kortaste vegen som born og unge vil bruke i kvardagen sin til og frå skule og idrettsparken må få gang- og sykkelveg eller fortau. Dette må inn i føresegna til denne reguleringsplanen.

Som vilkår for utbygging innanfor planområdet Detaljreguleringsplan for Fossesjøen gnr. 325/161 og 325/167 mfl. PlanID: 1256 2015 0004 må gang- og sykkelveg eller fortau koma på plass på vegen Fosse og Fosseskarvegen fram til Sagstad skule og idrettsparken Meland Aktiv. Det er denne vegen skuleborna våre vil bruke til og frå skulen sin og til idrettsanlegget Meland Aktiv på fritida si. Dette er om lag 2 km. Dette må inn i føresegna til reguleringsplanen. Dette rekkefølgjekravet står i nær samanheng med reguleringsplanen her og vil dekke reelle behov som vert utløyst og forsterka av dette store og nye byggeprosjektet. Gang- og sykkelveg eller fortau her er nødvendig og har sakleg samanheng med den planlagte utbygginga og ulempene den vil føra med seg for trafiktryggleiken på vegen Fosse og Fosseskarvegen. Borna sine interesser er ikkje ivareteke godt nok i dette planarbeidet. Rekkefølgjekrava i reguleringsplanen som no er godkjent ivareteke ikkje trafiktryggleiken verken for born på skuleveg eller for biltrafikken på denne strekninga. Barn og unges interesser og tema folkehelse er difor ikkje skikkeleg utgreidd og vurdert i denne plansaka. For utbygging av nye område i dag er det eit krav om ein berekraftig utbygging. Denne planen som no er godkjent er lite berekraftig med tanke på born og unge og folkehelsa vår.

I saksutgreiinga til kommunestyret den 19. mai står det følgjande:


Føremålet med reguleringsplanen er å utvikle område B_17 i kommunedelplan for Meland 2015-2026 (KDP-M). I føresegn 1.6.10 i KDP-M er dette området definert som eit byggeområde der det skal leggjast til rette for høg utnytting og konsentrert busetnad. Reguleringsplanen legg difor til rette for 164 nye bustadeiningar av ulik karakter, innanfor BBB01-03 og BKS01-10. Av desse einingane er det tenkt at 90 etablerast som rekkjehus og 74 etablerast som leilegheiter fordelt på fire blokker. I tillegg opnar ein for at det er mogleg å etablere noko frittliggjande småhusbusetnad (eine- og tomannsbustader) sør i planområdet, i dei eksisterande bustadområda.

Denne skulevegen er trafikkarleg i dag, ei større bustadutbygging i området her som planlagt i denne reguleringsplanen med minst 164 nye bustadeiningar vil føra til mykje meir biltrafikk her på vegen Fosse og Fosseskarvegen. Den konkrete og planlagte utbygginga utløyst av denne detaljreguleringa vil difor generere meir trafikkarleg biltrafikk langs den kortaste skulevegen for borna våre. Eit rekkefølgjekravet her er såleis ein naturleg konsekvens av den større bustadutbygging her. Me har ikkje eit barn til å mista. Dette er eit alvorlege tema for oss.



Rekkefølgekravet her må vera: Det er eit vilkår at gang- og sykkelveg/fortau er opparbeid og godkjent på den kommunale vegen Fosse og Fosseskarvegen før nye bustadar i Detaljreguleringsplan for Fossesjøen gnr. 325/161 og 325/167 mfl. PlanID: 1256 2015 0004 kan få igangsettingsløyve. Rekkefølgekrava sett i den godkjente reguleringsplanen har ikkje teke dette inn over seg, det er den mest brukte skulevegen her som treng rekkefølgekrav, ikkje omvegen om Frekhaug. Her har administrasjonen gjort eit dårleg arbeid i saksutgreiinga.

Alternativet er at dette tiltaket (gang- og sykkelveg/fortau vert «sikra opparbeida» med finansiell sikring/yting (gjerne utbyggingsavtale) før nye bustadar i feltet kan få igangsettingsløyve. (dette er betre enn bruksløyve)) Under kan de sjå kart over planområdet, den blå pila viser kva veg skuleborna vil gå til og frå skulen sin. Det at det ikkje er rekkefølgekrav sett til den vegen borna vil gå og sykle vil me sjå på som sakshandsamingsfeil. Rekkefølgekrav sett i Frekhaug-området på strekninga våre born i lite grad vil bruke til og frå skulen vår er lite sakleg.



Gang- og sykkelveg eller fortau må byggjast på vegen Fosse og Fosseskarvegen til Sagstad skule og Meland aktiv (idrettsparken)



Sagstad skule er i sør og Meland Aktiv/idrettsparken er i nord

Klage på vedtak

Vi klager på den godkjente reguleringsplan for Fossesjøen, som vart handsama i kommunestyret i Alver den 19.05.2022, sak 067/22.

Grunngjevinga for klagen er følgjande:

Undertegnede protesterar mot at planen ikkje inneheld nødvendig gang- og sykkelvegveg som sikrer barn- og unge trafikktrygg skoleveg til Sagstad skule. Dette er eit krav i all planlegging, særskilt for utbygging av større bustadområder, og nedfelt i Plan- og bygningslov med forskrift og vegleiar.

Det krevjast at det opparbeidast trygg skoleveg ved å etablera gang-og sykkelveg fra Fossekrysset – Fosseskarvegen og til Sagstad skule.

 - Flatøyvegen

 - Fosse

Kristin Gouvard - Fosse

Eirik Strandenes - Fosse 67


Linda Ulund - Fosse 67

Wenche Seterbø - Fosse 45

Tommy Andre Olsen - " -

 Fosse 51C

Silje Tjora -

 Fosse 63 A

Kjartan Aarhus - Fosse 195

Linda Aasheim - Fosse 195

DANIEL NIKSON - Fosse 88

LENG GJENDER - Fosse 88

Klage på vedtak

Vi klager på den godkjente reguleringsplan for Fossesjøen, som vart handsama i kommunestyret i Alver den 19.05.2022, sak 067/22.

Grunngjevinga for klagen er følgjande:

Undertegnede protesterar mot at planen ikkje inneheld nødvendig gang- og sykkelvegveg som sikrer barn- og unge trafikktrygg skoleveg til Sagstad skule. Dette er eit krav i all planlegging, særskilt for utbygging av større bustadområder, og nedfelt i Plan- og bygningslov med forskrift og vegleiar.

Det krevjast at det opparbeidast trygg skoleveg ved å etablere gang-og sykkelveg fra Fossekrysset – Fosseskarvegen og til Sagstad skule.

Sylvi Myrland Fløysand

Fosse 30

Nina Almeland Fosse 30

Solveig F. Skeie

Fosse 172

Bright Roar Skeie Fosse

Fosse 172

Trine Ann Efters Fosse

Fosse 21

Overvåking

Leiv Jan Torse, Fosse 146

Klage på vedtak

Vi klager på den godkjente reguleringsplan for Fossesjøen, som vart handsama i kommunestyret i Alver den 19.05.2022, sak 067/22.

Grunngjevinga for klagen er følgjande:

Undertegnede protesterar mot at planen ikkje inneheld nødvendig gang- og sykkelvegveg som sikrer barn- og unge trafikktrygg skoleveg til Sagstad skule. Dette er eit krav i all planlegging, særskilt for utbygging av større bustadområder, og nedfelt i Plan- og bygningslov med forskrift og vegleiar.

Det krevjast at det opparbeidast trygg skoleveg ved å etablera gang-og sykkelveg fra Fossekrysset – Fosseskarvegen og til Sagstad skule.

Eivind Flatekval, FOSSE Linn V Bredesen - Fosse
Vedv Nordal FOSSE Aleksander Bredesen, Fosse

Fosse 24/6.22, Ragnhild Rambech Flatekval, Fosse 49

På vegne av Siren Marøy, Fosseskarvegen 73,
Ragnhild Rambech Flatekval